

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om skuleskyss frå Indre Masfjorden

Senterpartiet har vorte kjent med at elevar frå Indre Masfjorden som går på Knarvik vgs har eit skuleskyssstilbod som medfører lang ventetid både før og etter skulen. Tilhøva har vorte forverra dette skuleåret på grunn av endra skulestart ved Knarvik vidaregåande og at ekspressbussen har lagt ned ei rute. På ei veke har somme elevar på det meste 12 timar med rein ventetid før og etter skulen. Det vert òg opplyst at elevane i liten grad har hatt høve til å opphalde seg på skulen i ventetida før og etter skuledagen.

Knarvik vidaregåande er nærskulen til elevar frå Indre Masfjorden. Senterpartiet ynskjer at flest mogleg skal ha høve til å bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning. Med så lang reiseveg og lang ventetid er det lett å sjå føre seg at elevar kan måtte flytte på hybel mot deira vilje. Det er ei utvikling Senterpartiet ikkje ynskjer.

Senterpartiet har difor desse spørsmåla til opplæringsdirektøren:

1. Kva kontakt har fylkeskommunen hatt med Masfjorden kommune, føresette og Knarvik vgs. om skuleskyss-situasjonen for elevar frå Indre Masfjorden?
2. Korleis organiserer ein skuleskyss der det er lang reiseveg og rutebusstilbodet medfører lang ventetid?

Bergen 31.01.19

Alexander Fosse Andersen
Hordaland Senterparti